

## HJARTDAL KULTURSKULE

Kommunehuset  
3692 SAULAND  
Telefon: 97169934  
[frode.flatland@hjordal.kommune.no](mailto:frode.flatland@hjordal.kommune.no)

### Søknad om undervisning ved Hjartdal kulturskule 2020/2021

Elevens navn og adresse: \_\_\_\_\_

Fødselsdato: \_\_\_\_\_

Klassetrinn skuleåret 2020/2021: \_\_\_\_\_

Ynskjer undervisning i: \_\_\_\_\_ (Har du fleire ynskje så skriv opp alle her)

#### Føresette - navn og adresse

(Informasjon og krav om brukarbetaling vert sendt til denne adressa. Gjeld elevar under 18 år)

Adresse: \_\_\_\_\_ Tlf.: \_\_\_\_\_

*Elevens eigen mobil:*

*E-post til heimen:*

*E-post til eleven:*

*Dato og underskrift – elev:* \_\_\_\_\_

*Dato og underskrift – føresett:* \_\_\_\_\_

*Hovudregelen er at påmeldinga er bindande for heile skuleåret. Eleven har sin plass i kulturskulen til plassen vert sagt opp eller at tilbodet bortfell. Elevar som allereie har plass i kulturskulen treng ikkje søke på nytt for neste skuleår. Brukarbetalinga er delt i to terminar, haust og vår. Dersom eleven sluttar i løpet av eit semester vil ein bli fakturert for dette semesteret. Gjeldande prisar finn du på [www.hjordal.kommune.no](http://www.hjordal.kommune.no).*

*Søknad kan leveras på kommunehuset, sendas i posten eller til e-post:*

[frode.flatland@hjordal.kommune.no](mailto:frode.flatland@hjordal.kommune.no)

*Hjartdal kulturskule praktiserar løpande opptak, dvs at ein kan søke om plass heile året. For å koma med i hovudopptaket for skuleåret 2020/2021 er fristen 22. juni. Desto tidlegare ein søkjer, desto større er sjansen for å få plass.*

Ta kontakt om de har spørsmål.

Vennleg helsing

Frode Flatland  
Kulturskulerektor

# Undervisningstilbod i Hjartdal kulturskule

*Ein kan søke om eit eller fleire tilbod i Hjartdal kulturskule. Elevar som ikkje får plass med ein gong vert sett på venteliste og får tilbod om undervisning så snart kulturskulen har ledig kapasitet. Som elev i kulturskulen får du individuell opplæring på instrumentet eller i grupper for kunst, dans, film og foto. Du får delta i samspel med andre elevar og du får delta på ulike konsertar og arrangement i regi av kulturskulen.*

*Kulturskulen har undervisning i Sauland, Tuddal og Hjartdal. Me prøvar så langt det går å tilby undervisning innan dei ulike tilboda i alle tri bygdene.*

*Det er mogleg å leige instrument frå kulturskulen og me leiger ut så lenge lageret rekk. Elles forventas det at eleven sjølv skaffar seg instrument. Eleven må koste diverse forbruksmateriell sjølv i dei tilfelle det er aktuelt.*

## For skuleåret 2020/2021 har me fylgjande tilbod i kulturskulen:

### **Musikkundervisning:**

- Piano / keyboard
- Vokal (kan og kombineras med andre instrument. Eksempel: vokal og piano)
- Gitar (akustisk og elektrisk)
- Bass
- Banjo
- Ukulele
- Trommer
- Perkusjon
- Hardingfele
- Fiolin
- Fløyte
- Band/ samspel (i hovudsak for elevar som allereie beherskar eit instrument)
- Hjartdal musikkorps – opplæring i diverse blåseinstrument eller slagverk. Samspel og øvingar saman med korps.

### **Dans:**

Undervisninga foregår i grupper som er dela inn i aldersklasser. Du vil få opplæring i ulike danseteknikkar, sjangrar, danseuttrykk og koreografi. Kulturskulen tilbyr dansegrupper i Sauland, Tuddal og Hjartdal.

### **Film og foto:**

På *Film og foto* får du arbeide saman med andre om å utvikle idéar om til film og formidle ei historie eller eit budskap gjennom foto. Du vil få ei innføring i grunnleggjande teknikkar og verkemiddel med praktisk og teoretisk tilnærming. Det vil bli nytta ulike teknikkar, reiskapar og utstyr som: teikning, Ipad, film- og fotokamera og enkel, brukarvennleg programvare for redigering av film og foto.

### **Kunstgruppe - teikning, måling og kreativt handarbeid**

På kunstgruppa lærer du om teikning, måling og kreativt arbeid med ulike materialer som leire, sparkel, gips mm. Du vil få ei innføring i grunnleggjande teknikkar med praktisk og teoretisk tilnærming. Er du glad i å teikne eller å lage noko kreativt med hendane er dette kurset for deg.

---